



Returnerer til røtene

Få nordmenn har gjort ein liknande kometkarriere i ein Premier League-klubb. Han blei ikkje kalla «the Babyfaced Assassin» for ingenting. No satsar den mest omtalte fotballspelaren i Noreg gjennom tidene alle korta på trenarjobb på heimebane.

TEKST: INA-CRISTINE HELLJESEN
FOTO: PER TORMOD NILSEN



Tåka ligg tjukk over det berømte Molde-panoramaet. Regnet plaskar ned i strie straumar, og temperaturen har lagt seg på den kjølige delen av skalaen i morgontimane. Det hindrar likevel ikkje moldespelarane i å gjennomføre den daglege treningsøkta si utandørs.

– Don't loose the ball! Don't loose the ball, kjem det frå trenaren i svart boblejakke midt på banen, mens dei 18 blåkleddede spelarane ivrig driblar rundt han.

Det er ingen tvil om kvar han har plukka opp den britiske aksenten frå. Med sekken full av Manchester United-erfaring er Ole Gunnar Solskjær den nye hovudtrenaren i Molde Fotballklubb (MFK). Med seg på trenarlaget har han både Mark Dempsey og Richard Hartis. Kontrakten er i utgangspunktet på tre og eit halvt år, men han kan fort bli forlengd, fortel den tidlegare stjernespissen.

– Forhåpentlegvis kan du kanskje gonge det med ti, så blir eg 35 år i Molde, seier Ole Gunnar i eit intervju med Fjord1 like etter at treningsøkta for dagen er overstått.

– Eg var ein fotballidiot

Fotball har vore ein raud tråd gjennom livet til krølltoppen frå Kristiansund. Som liten gut noterte han flittig ned lag og tabellar. Han spelte fotball på data, og med beundring i blikket følgde han stjerneprestasjonane til Zico i Spania i 1982 – det første klare VM-minnet hans.

– Eg var vel det eg vil kalle ein fotballidiot. Det var det viktigaste i livet mitt. Alt handla om fotball, fotball og fotball, ler han.

Som sjuåring spente han på seg dei første fotballskoa sine på det lokale miniputtlaget. Etter kvart voks òg interessa for engelsk ligafotball. Ole Gunnar studerte triksa proffane utførte på TV, før han skunda seg ut i hagen i Korallveien 3 og øvde på det han nett hadde sett.

– Som tidlegare aktiv brytar var eg interessert i å få han til å drive med bryting, minnest pappa, Øyvind Solskjær.

– Men det var berre fotball som stod i hovudet på han. Etter to sesongar blei brytarkarrieren dermed skrinlagd til fordel for fotballen.

Pappa Solskjær tok stor del i fotballentusiasmen til sonen og var tidleg ute med å lære sonen sin å skyte med begge beina, og han har med det fått litt av æra for den unike kvaliteten Ole Gunnar hadde som avsluttar og notorisk målfjeger.

– Det er rett at eg fortalde han at han burde trene på å bli like god med begge beina, at han ikkje berre skulle trene med høgrefoten – den han var god på. Vi har jo sett mange eksempel på at når dei som berre kan sparke godt med éin fot, kjem opp i situasjonar der dei må avslutte med den svake foten, så gir det eit dårleg utfall. Eg har det nok litt med meg frå brytinga òg, der eg alltid passa på å trene mykje på det eg var dårleg til, forklarar pappa.

Frå draum til verkelegheit

Det kjem nok ikkje som ei stor overrasking at på toppen av draumelista til den unge Ole Gunnar stod eit liv som fotballproff.

– Det var det eg ville, men eg trudde aldri eg kunne leve av hobbyen min.

Som 17-åring debuterte Ole Gunnar for Clausenengen. I løpet av i dei fire åra han var i



Ole Gunnar Solskjær

- Kjem frå:** Kristiansund
Alder: 38 (fødd 26.2.1973)
Sivilstatus: Gift med Silje Lyngvær (37),
far til Noah (11), Karna (8) og
Elijah (3)
Aktuell: Trener i Molde Fotballklubb



den lokale divisjonsklubben, scora han 115 mål på 109 kampar. I 1994 blei han henta av Åge Hareide og Molde.

– Eg hadde ei lønn på 180 000 kroner. Akkurat nok til å sleppe å ta opp studielån og halde hjula i gang. Parallelt med fotballen studerte nemleg Ole Gunnar økonomi på BI. Han trudde framleis ikkje at han kunne skape eit levebrød av fotballen. Ikkje då han blei vald ut som ein del av landslagstroppen heller.

Ein skjebnedag i 1996 sette derimot ein stoppar for all tvil. Assistenten til sir Alex Ferguson, Jim Ryan, besøkte Ullevål Stadion for å sjå Ronny Johnsen i ein kamp mot Aserbajdsjan, men det tok ikkje lang tid før han fekk auga opp for den lynraske landslagsspissen. To mål scora molde-spissen – det eine ein lekker volley i krysset.

– Han må vi ha, sa Ryan, sir Alex bladde opp 1,5 millionar pund, og eit par dagar seinare var Ole Gunnar United-spelar.

– Det var ei rar kjensle den dagen eg signerte kontrakten, minnest Solskjær.

– Då vi kom, forhandla klubbane litt. I mellomtida skulle eg gå ein runde på Old Trafford for å sjå, og turguiden eg trefte, trudde han berre

skulle vise meg rundt. Etter runden spurde han meg kva eg skulle no. Nei, no skal eg inn og signere kontrakten, svarte eg, og då miste han både munn og mæle. Han gav meg pennen sin og bad meg vere så snill og signere kontrakten med han, og det gjorde eg, smiler han.

– Får eg fem år, er det fantastisk

Det skulle gå elleve år før Ole Gunnar gav seg som spelar i den britiske toppklubben, noko som var langt utanom det vanlege. Sjølv hadde han ikkje i sine villaste fantasiar sett føre seg at han skulle bli verande på Old Trafford så lenge.

– Eg signerte i utgangspunktet ein femårs-kontrakt og hugsar eg tenkte at dersom eg får fem år i United, så er det fantastisk, fortel Solskjær.

– Eg kom jo som ein audmjuk gut og hadde ikkje heilt trua på at eg skulle slå til. Eg ville gjere alt eg kunne for å bli så god som mogleg, og eg har note kvart minutt.

I løpet av Manchester-karrieren scora Ole Gunnar 121 mål på 346 kampar, mellom anna vinnarmålet to minutt på overtid i Champions League-finalen mot Bayern München i 1999. Berre fjorten United-spelarar kan skilte med høgare målprosent enn Ole Gunnar.

Orda til sjefen vog tungt

I august 2007 la Ole Gunnar opp som fotball-spelar på grunn av kneskadar. Han hadde vore under kniven heile sju gonger som følgje av skadane. Dei neste par åra følgde som trenar for reservelaget til Manchester United. Då han valde å flytte heim rett før jul, hadde han med seg 14 års erfaring frå United og – ikkje minst – velsigninga til sir Alex Ferguson.

– Sjefen (Ferguson) synest det var veldig rett av meg å flytte heim for å starte trenarkarrieren der. Dei orda vog tungt. Derfor fullførte eg ikkje det eg tidlegare har sagt, at eg skulle jobbe i Manchester United så lenge han er der.

Det er inga hemmelegheit at Ole Gunnar har

stor respekt for den tidlegare sjefen sin. Ole Gunnar beskriv forholdet mellom dei to som eit som er bygd på stor tillit og forståing.

– Det var ikkje slik at eg drog heim til han og tok eit glas vin. Der eg kjem frå, er sjefen sjefen, og vi hadde fortrinnsvis eit profesjonelt forhold. I 14,5 år fekk han aldri eit nei frå meg. Eg hørde på han samtidig som han lét meg styre livet mitt og ta mine egne avgjerder. I den nye jobben har han funne stor inspirasjon i den legendariske fotballtrenaren og håper å kunne vidareføre så mykje som mogleg av det han har lært.

– Utan å kopiere han. Eg må gjere det på min måte. Det blir «the United Way my way», understrekar han.

Han listar opp både lojalitet, arbeidsinnsats og evna til å stole på seg sjølv og dei rundt seg som kvalitetar han har lært og tek med seg inn i MFK.

Familie med fotballfeber

Utanfor fotballbanen står eit firkløver rundt Ole Gunnar heime. Saman med kona Silje har han tre barn. Silje og Ole Gunnar har kjent einannan sidan dei var små. Dei gjekk på same skule og voks opp i nærleiken av kvarandre.

– Silje vil sjølsagt aldri innrømme dette, men det gjekk fire år frå eg først bestemte meg for å kapre henne, til vi blei saman. Broren hennar var faktisk eit av førebileta mine som liten, for han var ein god fotballspelar, avslører han.

Ole Gunnar set familielivet og papparolla høgt og prøver å komme heim i skapleg tid kvar dag slik at han rekk å vere med barna på trening og lese bok på sengekanten. Både Noah (11) og Karna (8) har plukka opp fotballinteressa til faren og spelar på egne lag.

– Elijah (3) har ikkje starta enno, men han er alltid med på trening. Han begynner nok snart han òg, skal du sjå. Han har alt moldedrakt. Dei er nok litt miljøskadde alle tre, ler han.

FEM OM FOTBALL:

Favorittlag som liten?

Må du spørje om det? Liverpool fordi dei vann mest.

Idol i oppveksten?

Brasilianske Zico (Arthur Antunes Coimbra)

Baneplassering og draktnummer på gutelaget?

Spiss med draktnummer 10

Beste baneprestasjon?

Den beste enkeltprestasjonen min var kanskje på heimebane mot Sturm

Graz i 2001 då eg tok ein volley og skaut ballen i mål.

Pinlegaste baneprestasjon?

Eg skulle ta straffespark for Clausenengen juniorlag mot Treff på Lubbenes kunstgrasbane. Eg sprang

opp og sklei og mista balansen. Eg trefte ballen, men det enda med at han berre trilla roleg inn til keeper som sat og venta. Det høyrer med til historia at eg blei så sint og såra at eg scora fire mål seinare i kampen.



From Manchester to Molde

OLE GUNNAR SOLSKJÆR

From: Kristiansund

Age: 38 (born 26th. of February 1973)

Marital status: Married to Silje Lyngvær (37), father to Noah (11), Karna (8) and Elijah (3)

News: Manager of Molde Football Club (MFK)

- Norway's most famous football player, Ole Gunnar Solskjær, returned to Norway at the beginning of 2011 to become manager of his former club, Molde. He has signed a five-year contract.
- Ole Gunnar started his career with Norwegian Third Division club Clausenegen FK in 1990.
- In 1994, he moved to Norwegian Premier League club Molde FK, where he scored 20 goals in his first season.
- Ole Gunnar made his international debut in a game against Jamaica in November 1995.
- A few months later, in 1996, he joined Manchester United for a transfer fee of £1.5 million.
- He was given the number 20 shirt upon his arrival, a squad number he would retain for the rest of his Manchester United career.
- He scored 126 goals for Man U in 366 matches. He was a sub in 150 of these matches and was recognised as a super-sub for his knack of coming off the bench to score late goals. Only 14 Red Devil players have a higher goal tally than Ole Gunnar.
- During his Manchester career, he was nicknamed 'the baby-faced assassin' and '20legend' - a combination of his number 20 shirt, his name Ole and the word legend.
- In 2007, Ole Gunnar announced his retirement from football after failing to recover from a serious knee injury.
- He stayed with Manchester United for another couple of years, however. The following year - in 2008 - he became full-time reserve team manager.
- In the future Ole Gunnar's greatest dream is to become manager of Manchester United: 'I don't believe I will be Man U manager. However, it is important to dream big, because, if you don't, you will definitely not reach your goals.'

- Viktig å drøyme stort og høgt

Barna er òg ein del av grunnen til at Ole Gunnar valde å setje kursen tilbake mot dei nordvestlege heimtraktene sine.

- Vi er enkle menneske frå Kristiansund som er vane med å gå ute i gata og leike og ha venner og slekt rett rundt hjørnet. I England har du ikkje den same fridommen. Etter-som Noah alt er blitt 11, var det på tide. Dess lenger vi hadde blitt i England, dess meir engelsk ville han blitt.

Han utelukkar likevel ikkje at han ein dag kan vende tilbake til England og Manchester.

- Eg drøymmer om å bli manager for United ein gong i framtida. Om 10-15 år kanskje, seier han.

- Men eg trur ikkje at eg kjem til å bli det, legg han til.

- Du må likevel drøyme stort og høgt, for utan det når du i alle fall ikkje draumane dine. Eg skal i alle fall gjere alt eg kan for å bli ein så god manager som mogleg.

- Vil du beskrive deg sjølv som målbevisst?

- Å ja, eg er veldig målbevisst. Og sta.

- Når eg bestemmer meg for noko, så gjer eg alt for å nå målet. Eg hugsar svigerfaren min ein gong sa at å bli fotballspelar på Manchester United er vanskelegare enn å bli pave, når du kjem frå Kristiansund, liksom. Men eg klarte det, avsluttar Manchester United-legenda smilande i presserommet på Aker Stadion.

